

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 19.01.2021

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Runar J. Hauge og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Jan Tore Huus

Referent: Kaia

Sak 202/01: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2021/02: Godkjenning av referat frå styremøte 30.11.2020. Godkjent

Sak 2021/03: Eigedomar:

- Status leigeavtalar; Styret tok ein gjennomgang av gjeldande leigeavtalar: Meieriet, denne avtalen gjeld til 31.12.2022.
Krambua, denne gjeld til 01.01.2031.
Båtbyggjarmuseet; Ole sporar opp leigeavtalen med Herand båtlag, gjennomgang av avtalen på neste styremøte.
Barnehagelokalet; leigeforhold løpande, betalt ut mars.
Leigetakarar i Herand kulturhus pr 01.01.2021: Herand kraft a/s, TreTradisjon Herand og 3 privatpersonar leiger lagerplass.

Sak 2021/04: Tilstellingar:

- Planlegge årsmøte 2021. Melding til valnemnda, skrivar lager denne.
Årsmøte for Herand bygdelag 2020 vert sundag 21.03.21 kl. 16.00 på Herand kulturhus.
Saker til årsmøtet må vere levert styret innan 07.03.21. Elles vanlege årsmøtesaker.

Sak 2021/05: Økonomi:

- Status rekneskap 2020.
Rekneskapen er ferdig og levert til revisor. Viser eit overskot på vel kr. 9000,-. Styret er nøgd med dette resultatet etter eit år med lite inntekter grunna korona.

Sak 2021/06: Nærmiljøanlegget:

- Status;
Ingenting nytt å melde, det søkast midlar.

Sak 2021/07: Andre saker/eventuelt:

- Uttale til kommunen til Plan for idrett og friluftsliv. Høyringsfrist 15.01.2021, vart utsett til 22.01.21. Bygdelaget har sendt ein enkel uttale.
- Herand bygdeblad; informasjon om annonsørar 2021, nokon endringar. Betaling av bladpengar i februar, betalingsinformasjon kjem i blad 1-21.

Neste styremøte tysdag 09.02.21 kl. 19.00 på Herand kulturhus

